

Norskeksamen vg2 yrkesfag våren 2016

Linn Beate Haugslund Ur

Svar alle|

fr 17.03.2017, 13:51

+26 til

Hei,

Eg vonar postmottaket på skulen kan vidaresenda denne e-posten til den personen på skulen som våren 2016 hadde mest med norskeksamen på vg2 yrkesfag å gjera.

Mitt namn er Linn Haugslund Ur, og eg jobbar som norsklærer ved Norheimsund vidaregåande skule/Øystese gymnas i Hardanger. I tillegg held eg på med ein erfaringsbasert master i norsk ved Universitetet i Bergen, der temaet for masteroppgåva mi er **skriftleg norskeksamen på vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram**. Eg ynskjer å undersøka korleis eksamenspraksisen er rundt om i landet, og korleis eksamensoppgåvene ser ut.

Våren 2016 vart det ei endring i eksamenspraksisen i mange fylke. Fylkeskommunane gjekk saman om å laga eit felles eksamenssett (Vigo). Mange skular som hadde elevar oppe i skriftleg eksamen i norsk, valde å nytta dette, medan andre skular/fylke laga sine egne. Eg ynskjer å laga ei oversikt over kor mange som har nytta det «felles» oppgavesettet frå Vigo, og kor mange som har laga sine egne.

Eg sender dette brevet til alle dei vidaregåande skulane i landet som hadde elevar oppe i skriftleg norskeksamen vg2 yrkesfag våren 2016. Linken nedanfor tek dykk til ei kort spørjeundersøking der eg ynskjer å få svar på kva eksamenssett de nytta til eksamen i fjor, kven som laga oppgåvene (dersom de nytta eit anna enn fellessettet frå Vigo), og om de gjennomførte eksamen digitalt i PAS eller ikkje. Eg ynskjer og eksamensoppgåvene de nytta, så dersom de nytta eit anna eksamenssett enn fellessettet frå Vigo, kan de lasta det opp i undersøkinga. Dersom de nytta ei sensorrettlegg, blir eg veldig glad om de kan lasta ho opp og. Dersom de berre har eksamenssettet i papirform, kan de senda det i posten til adressa nedanfor.

Eg har bede dykk om mykje i ein travel skulekvardag, men eg vonar de har høve til å svara på spørsmåla mine og senda meg eksamensoppgåvene. Eg er så frimodig at eg sender ei påminning til postmottaket på skulane dersom eg ikkje høyrer frå dykk i løpet av tre veker.

Undersøkinga er anonym, men svara vert knytt til skule og fylke, så de svarer som representantar for skulen dykkar. Resultata frå undersøkinga skal nyttast til å kartleggja kva eksamenssett som vart nytta våren 2016 og korleis eksamensoppgåvene såg ut.

Dersom de ynskjer meir informasjon om studien, er de velkomne til å ta kontakt.

På førehand takk!

[LENKJE TIL SPØRJEUNDERSØKINGA](#)

Beste helsing,
Linn Haugslund Ur

Norheimsund vgs/Øystese gymnas
Dalatunvegen 40
5600 NORHEIMSUND
Tlf: 97 95 60 09
E-post:

Linn.Beate.Ur@hfk.no

Merk: målforma i programmet eg har nytta for å laga spørjeundersøkinga er på bokmål. Det betyr at ferdige kommentarar og data som ligg i programmet er på bokmål, medan mine inndata er på nynorsk. Dette gjer at det vert ei utriveleg blanding av nynorsk og bokmål i undersøkinga, noko eg ber om orsaking for.